



Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

ARKITEKTKONTORET BØRTVEIT & CARLSEN AS
Att.Mette Kyed Thorson
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/328-6	Jan Kvingedal	26.06.2026

Melding om delegert vedtak - søknad om endring i løyve, tilbygg til fritidsbustad - gbnr 50/50

Administrativt vedtak saknr.: 49/2026 Delegert Teknisk utval

Adresse:	Eigedom gbnr:	50/50
Tiltakshavar: Vivian Bjørnsen	Søkjar:	ARKITEKTKONTORET BØRTVEIT & CARLSEN AS
Tiltakstype: Endring av bygg - utvendig tilbygg mindre enn 50 m ²	Søknadstype:	Endring tillatelse

VEDTAK

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a), jf. § 20-3 løyve til endring av administrativt vedtak saknr. 047/08, datert 06.05.08. Endring gjeld tilbygg til godkjent fritidsbustad og endring av ansvarsrett for utføringa av arbeider med bod og ferdigstilling av tiltaket. Løyve er gjeve på fylgjande vilkår:

- Det skal søkjast om ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk
- Andre vilkår i opphaveleg løyve er uforandra av dette vedtaket

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Antal	Sum
10.1.11	Delt sakshandsaming, endring i løyve	1	3.018,-
10.1.12	Mangelfull sak med melding til søkjar	1	2.700,-
Totalt gebyr å betala			5.718,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21- 4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert krevd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vere grunngjeven.

Saksutgreiing

Tiltak


Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av fritidsbustad , jf. vedtak 047/08 datert 06.05.08. Endringa gjeld oppføring av tilbygg, ei utvendig bod, samt endring av ansvarsrett for utføring av boden, samt ferdigstilling av arbeida på sjølve fritidsbustaden, då utførande tømrrarfirma gjekk konkurs før det vart søkt om ferdigattest for tiltaket.

Det vert elles vist til søknad mottatt 29.05.26 og supplert 22.06.26.

Fakta


Tiltaket har slik plassering:

Tiltaket får slik utforming:



Tiltaket ligg i areal omfatta av kommunedelplan for Stordalen og kommuneplan for Masfjorden 2018-2030. I løyve som vart gjeve i 2008 står det som vilkår at «Eigedommen skal rette seg etter framtidig reguleringsplan m/ føresegner som måtte komme for utleigehyttefeltet som eigedommen er del av» Dette feltet ligg like sør for tiltaket, men av grunnar ein ikkje kjenner til vart aldri denne eigedommen inkludert i denne planen.

Gbnr. 50/50 markert med raud sirkel, like utan for det regulererte feltet:



Vurdering

Tiltaket får etter tilbygg er utført ei utnyttingsgrad på 30,1%. Legg ein til grunn at det er kommuneplan/ kommunedel plan som gjeld er grad av utnytting sett til 20%. Men då tiltaket ligg tett opp til plan med tilleten utnyttingsgrad på 60% for «Rørdalen hyttefelt», og det var eit vilkår at eigedommen skulle inngå i framtidig plan for Rørdalen hyttefelt, gjev ein løyve til slik grad av utnytting utan vidare sakshandsaming.

Tiltaket ligg og nærare grense enn 4 m i fylgje situasjonsplanen. Det er no lagt fram erklæring frå naboeigedommane at slik plassering er akseptert.

Det er søkt om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar av Øystein Bjørnsen for det som ein forstår en gjenstående tømrararbeider for fritidsbustaden pluss boden. Det vert vurdert at det kan gjevast personleg ansvarsrett for desse arbeida. Men då det ikkje er noko klårt skille og firma som søkte ansvarsrett ikkje eksisterer lenger, vert i praksis sjølvbyggjar ansvarleg for alle tømrararbeida for tiltaket. Ein forstår av søknad at andre ansvarsrettar er uforandra i høve til opphøveleg løyve.

Tiltaket er lovleg nabovarsla.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til endring i løyvet jf. vedtaket.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 2026/328

Du kan klage på vedtaket

Vedtaket er eit enkeltvedtak som du kan klage på. Vil du klage, må du sende klage innan 3 veker frå du mottok vedtaket. Du sender ein skriftleg klage til kommunen, der det går fram kva vedtak du klagar på og kva endring du ønskjer. Meir informasjon om dine rettar for klage går fram av forvaltningslova §§ 28-36.

Eit søksmål eller krav om erstatning kan ikkje fremjast før du har brukt klageretten din fullt ut, jf. forvaltningslova § 27b.

Med helsing

Jan Kvingedal
sakshandsamar

Sveinung Toft
ass.rådmann



Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

Kopi til:

Vivian Bjørnsen

Øystein Bjørnsen